



Markane Skytterlag

Årsmelding 2006

Styret

Styret har i 2006 vore samansett av Jarle Tvinneim (leiar), Paul Hatledal (nestleiar), Andreas Solvik (kasserar), Nils Myrvang og Marit Raftvold. Sidan sist årsmøte har styret hatt 6 møter og handsama tilsaman 34 saker. Medlemstalet har auka frå 75 til ca. 80 personar, derav 25 ungdomsskyttarar.

Anlegg

Skytebaneanlegget vårt er komplett utbygt med 10 elektroniske skiver på 200 m og 6 elektroniske skiver på 100 m. I år har vi utført mykje vedlikehald på dei elektroniske skivene. Som følge av nytt regelverk (og slitasje) har vi skifta gummi på både 100 og 200 meter. I tillegg har vi bytta inn dei 4 eldste monitorane, til ein rimleg innbyttepris. Samla kostnader knytt til dei elektroniske skivene var i 2006 ca. kr. 50.000.

For å sikre verdiane på skytebanen betre, og samtidig få betre oversikt på utlånte nøklar, vedtok styret å kjøpe inn nytt låssystem på både skytterhus og standplassar. Kostnad med dette var ca. kr. 10.000. Elles ein stor takk til Peder og Gunnar, som syter for at uteanlegget er i topp stand til einkvar tid.

Arrangement/aktivitet

2006 har vore eit år med stor aktivitet for skytterlaget, med fleire arrangement, bingo, ymse jegeraktivitetar og auka deltaking på stemmer.

Miniatyrserongen starta i desember i Stryn Kulturhus. Lagsmeisterskapen vart avvikla i mars, her vann Jarle Tvinneim med 241 poeng, føre Andreas Solvik og Gunnar Øen. 24 skyttarar deltok.

Andre helga i mai arrangerte vi **Vårstemne** på bane, med 125 deltakarar. Geir Ketil Aa Hope frå Hyen vann stemnet med 345 poeng.

Jegercupen vart avvikla på 6 kveldar med høve for å skyte jaktprøva for storviltjakt. Vinnar i Klasse Open vart vunne av Andreas Solvik, klasse A av Ståle Raftvold og i klasse B vann Nils Myrvang.

Andreas Solvik vart også årets jeger på **Skytingens Dag**, eitt poeng føre Nils Myrvang, medan Hjelledøla vart årets jaktlag. Andreas vann også vendefigur. 24 deltakarar var litt mindre enn i fjor.

Bilbingoen starta 21. mai, med totalt 15 bingoar fordelt på søndagane utover sommaren fram til 27. august.

Olsokstemnet er framleis største åpne stemnet på Nordvestlandet, i år med 183 skyttarar. Litt mindre enn vanleg, men det skuldast nok at mange var på reisefot til Landskytterstemnet i Målselv.



Det vart hard kamp om sigeren, til slutt vann Bertel Oddne Mjellem (bilete) frå Hyen på rangering føre Svein Kåre Furre frå Leikanger, begge med 390 poeng.. Mjellem vann også Sparebankpokalen til odel og eige. Rolf Henning Hide vann Olsokskytinga med 146 poeng. Lagskytinga vart som vanleg vunne av Hyen med 429 poeng, føre Nordbygda og Florø.

Lagsmeisterskap på bane i byrjinga av juli vart vunne av Jarle med 338 poeng, føre Andreas med 334 poeng og Arne med 332 poeng. Til saman deltok 22 skyttarar.

Lagsmeisterskap i skogsløp med skyting vart halde i slutten av august, med 16 deltakarar. Dette ga ein ny 4. plass i DFS sin aktivitetskonkurranse.

Markane Skytterlag, 6763 Hornindal
E-post: markane@skytterlag.no

Banetelefon: 5787 7999 **Org.nr:** 975 549 321
Heimeside: <http://markane.skytterlag.no>

Bank: 3795 07 02401

Formann: Jarle Tvinneim, Ospelida 6, 6763 Hornindal
Kasserar: Andreas Solvik, 6763 Hornindal

Tlf: 5787 9000 / 909 79 336 (mob)
Tlf: 5787 9287 / 917 73 123 (mob)

Laget arrangerte også **Samlagstemne i skogsløp med skyting** på Ullsheim i september for dei yngste, og i oktober på Sindre for dei litt eldre. Det deltok til saman 44 deltakarar.

HV-11 gjennomførte øving på banen 25. oktober, og ga gode tilbakemeldingar på banetilhøva og fasilitetane.

Vi tek også med at Skyttarstyret var på besøk 21. oktober, og ga uttrykk for at dei var imponert over både baneanlegg og maten som vart servert på paviljongen.

Laget har hatt faste treningskveldar 3 gongar for veka. Elles har det vore tre gongar med separate jaktprøvekveldar i tillegg til Skytingens dag og jegercupen. Sudstranda skyttarlag har i samsvar medavtale disponert bana 3 kveldar.

Sportsleg

I år har skyttarane i laget delteke mest på stemner i nærområdet. Jarle har vore delvis ute av drift etter ein ankelbrekkande skitur i vår, men fekk likevel med seg sølvmedalje på samlagstemne i bane. Både Andreas og Arne har vist stor framgang i sesongen, og vi har store forventingar til desse to neste år. Også Gunnar og Paul glimtar til innimellom, og viste stor psykisk styrke på finalerundane i Nordfjordcupen for lag (sjå eige avsnitt). I tillegg har vi fleire ungdomsskyttarar som deltek også på banestemner, og der særleg Sondre Leivdal har vist stor framgang.

På landskyttarstemnet i Målselv hadde Markane med 2 deltakarar, Kåre R. Haugen og Jarle, som begge fekk med seg premiar heim til inspirasjon for dei andre skyttarane som vi vonar vert med neste år til Steinkjer.

Nordfjordcupen for lag



Markane hadde med lag både i rekrutt og senior. Rekruttane gjorde det bra i første runde, men vi greidde ikkje stille lag i andre runde. Neste år vil nok rekruttane våre gjennomføre heile cupen!

Seniorane imponerte stort med sølvmedalje i cupen, etter å ha tapt knepent for Haugen i finalen. Med på laget var frå venstre Arne Skrede, Andreas Solvik, Gunnar Øen og Paul Hatledal. Og det er faktisk Paul sin første medalje på samlagsnivå, så det viser seg at berre ein er tolmogig nok så kjem resultatata til slutt!

Rekruttering

Ungdomsutvalet har i sommar hatt fast trening onsdagskveldane saman med skiskyttargruppa til idrettsslaget. Det har vore stort frammøte med oppimot 25 skyttarar på det meste. Dei unge rekrutteringsskyttarane har vist mykje god skyting. Mange av dei var med på både Olsokstemnet og lagsmeisterskapet. I framtida vonar vi at ungdomsskyttarane vert med på fleire banestemne. Ei stor takk til Paul som tek seg av dei unge på ein fantastisk måte.

Samarbeidet med Barneidrettskulen i Stryn og Markane er vidareført og vi hadde i alt tre kveldar med innandørs-skyting for dei yngste. Det var godt oppmøte, skyting er tydelegvis ein aktivitet som fengjer godt.

Økonomi

Økonomien i laget er god. Vi er gjeldfrie og har ein solid eigenkapital vi kan nytte til investeringar seinare. Bingoen er framleis vår største inntektskjelde, og det vart også i år eit fint overskot. Utan bingoen kunne ikkje skyttarlaget ha gjennomført dei store investeringane på baneanlegget siste åra.

Til slutt vil eg seie takk for meg som leiar i laget. Det har vore interresante år, med stor aktivitet og god oppslutnad frå medlemmane på arrangementa i laget. Det er og gledleg at mange nyttar heimesida vår til å skaffe seg informasjon om laget sine aktivitetar.

Takk til alle som har vore med å hjelpt til gjennom året, og lukke til med ein ny sesong!

Markane 27.10.2006

Jarle Tvinnereim
-leiar-